

## **Potetstempel**

For å gjennomføre aktiviteten treng du/de:

- Kniv, spikke- eller fruktkniv (enklast med litt tynt blad)
- Poteter. Tips: del dei både på tvers og på langs, slik at det er mogleg å nytte større kakeformer og.
- Kakeformer (peparkakeformer)
- Skjerefjøl
- Maling: Akryl og tekstilmåling
- Pappfat/skåler til å ha måling på.
- Teikneark eller tekstil/kle
- Svampar eller penslar. Tips: kjøp ein stor og klipp den opp i mindre svampar.
- Gamle aviser til å ha under når ein målar og held på med måling.
- Tørkepapir, sett fram lett tilgjengeleg
- Stad å vaske fingrar. Er du ute kan det vere lurt med ei bøtte med vatn til vask av fingrar.

Framgangsmåte:

1. Leit fram / sett fram det som trengs.
2. Vask og tørk ei potet.
3. Kutt poteta midt på kortsida eller på langsida, avhengig av storleik på kakeforma. Hugs at du/de må kutte vekk frå deg sjølv og andre.
4. Trykk ned kakeforma i poteta eller teikn det motivet du vil ha som stempel på poteta.
5. Skjær ut motivet. Skjær om lag ein tommel ned frå sjølve stempelet til resten av poteta.
6. Tørk poteta på nytt for å få vekk vatn som kjem ut.
7. Ta ynskja måling med pensel eller svamp frå pappfatet. **Viktig** med eit tynt lag.
8. Trykk så motivet ditt på eit ark eller ynska tøystykke. Ved trykk på tøy ha noko mellom laga med tøy om du til dømes trykkjer på ei t-skjorte.

Korleis lage 4H kløveren

1. Finn eit hjarte med rette kantar , til dømes ❤️ , bruk den kakeforma eller mønsteret når du skjær ut stempel i poteta.
2. Skjær to rette strekar vertikalt på høgre side, to rette strekar horisontalt midt på, også to vertikale strekar til venstre, slik at det blir ein tjukk H
3. Pirk ut innhaldet av H'en
4. Bruk trykket i fire retningar (som x) for å få 4H logo

Korleis lage sopp med prikker

1. Bruk kakeform som ser ut som ein sopp eller teikn ein sopp i poteta.
2. Trykk ned og skjær ut forma.
3. Bruk kniv og skjær ut prikkane og eventuelle strekar i forma, alt etter som du ynskjer.

Dette er høgtrykk. Det vil sei at det er det som ikkje er skjert ut som blir synleg, overflaten som gir avtrykk. Her er det særskilt viktig med eit tynt lag maling, da dette kan legge seg for mykje måling i holrommet (enten prikkane i soppen eller H'en i hjarte).